

21.10.2010

Nok bøsseberarar dette året



Klare til innsats i fjar: 14 berarar og støttespelarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I motsetnad til det som lenge var situasjonen i fjar er det nok bøsseberarar i Uskedalen framfor TV-aksjonen På flukt fra krig sundag ettermiddag
Det opplyser ein svært optimistisk rodeleiar Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no

Dette betyr at 14 vaksne står til disposisjon og dei blir supplert av naboar og yngre hjelparar.

Det ideelle talet på innsamlarar i bygda er 13. I fjar var det lenge problematisk å skaffa dette talet, men til slutt enda dei faktisk på 14.

Dei same har sagt seg villige til å gjera ein ny innsats i år utan at det har vore nødvendig å mase!

Fjorårsresultatet kom så høgt som til 35 654 kroner mot 29 802 året før og som ein forstår blir det ei utfordring å nå enda høgare.

Av Ola Matti Mathisen

